



Norges vassdrags- og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Att.Ylva Bencze Rørå

Søknad om midlertidig løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Driva kraftverk. Høyringsfråsegn.

Bakgrunn

TrønderEnergi kraft AS (TEK) søker på vegne av Driva kraftverk DA om løyve til å midlertidig fråvike gjeldande *Manøvreringsreglement for reguleringa Festa-Vindøla m.v. i samband med bygging av Driva kraftverk* (2004). Bakgrunnen er at Driva skal behandlast med klor for å utrydde lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Dette krev at vassføringa er relativt jamn for å sikre riktig dosering og dermed må kraftverket vere i drift. Røynslene frå tidlegare behandling viser at det er vanskeleg å halde stabil drift i kraftverket samstundes med å oppretthald vasstandskrava i Gjevilvatnet.

Søknaden gjeld for perioden 15.7.2024 – 05.09.2024. Dette inneber at driftsvassføringa i kraftverket skal haldast stabilt på 50 m³/s. Opprigging, dosering og nedrigging skal skje i perioden 29.07 – 22.08. Det er likevel søkt om ein romsleg bufferperiode ut over dette i tilfelle t.d. tekniske problem.

Merknader

Etter bekjempinga av *Gyrodactylus salaris* i Driva i 2023, er ikkje parasitten påvist. Likevel vil det i 2024 bli gjennomført supplerande behandling med klor for å sikre at parasitten er utrydda, spesielt i områda ovanfor fiskesperra. Dette skuldast usikkerheit om parasitten framleis er til stades der. Planen for 2024 inneber behandling av dei fleste lakseførande strekningane både ovanfor og nedanfor sperra. Nytt i år er inkludering av strekninga frå Lønset til sperra, inkludert Grøvu. Samfunnet har brukt store midlar i arbeidet med å utrydde lakseparasitten. Det er derfor avgjerande at den siste behandlinga blir vellykka.

Ei stabil vassføring frå kraftverket i den omsøkte perioden vil etter vår vurdering ikkje få negative konsekvensar for tilhøva i Driva.

Tiltaket vil kunne få konsekvensar på vasstanden i Gjevilvatnet. Konsekvensane er noko usikre og vil vere avhengig av nedbørsituasjonen. Eventuell senking av vasstanden i Gjevilvatnet vil kunne bli negativt for m.a. friluftsliv og redusert landskapsoppleving. Dersom det blir ein tørr haust kan også lågare vasstand i vatnet føre til utfordring for oppgang i gytebekkane for innlandsauren. Etter det vi forstår er det tatt høgde for dette ved dagens utsettingspålegg. Skulle det bli ein svært våt



sommar/haust kan dette føre til problem med erosjon i strandsona og utfordringar med naust og liknande. Vi kjenner til at det har vore fråvik i manøvreringsreglementet også tidlegare år ved vedlikehaldsarbeid. Vi reknar med at det er gjort erfaringar frå dette som kan leggest til grunn i NVEs behandling av søknaden.

Det er viktig at tiltaket blir kunngjort lokalt og at TEK informerer dei rørte interessene på ein god måte. Vi går også ut frå at TEK følgjer nøye med på endringane i vasstanden og tar naudsynte grep dersom det skulle utvikle seg ein flaumsituasjon.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Lars Kringstad
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SUNNDAL KOMMUNE

OPPDAL KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I TRØNDELAG

Postboks 94

Postboks 1

Postboks 2600

6601

7341

7734

SUNNDALSØRA

OPPDAL

STEINKJER